



FRUKTLAGERINSPEKTØREN – Fruktprognose pr. 1. sept 2015.

Dei siste tala frå pakkeri og omsetningsledd forsterkar den tidlegare trenden om at 2015 ikkje blir noko stort fruktår og at avlingane blir mindre enn det såg ut til tidlegare i sommar. Avlinga på Austlandet er jamnt over brukbar og i Telemark er det ganske god avling. På Vestlandet blir det framleis meldt om ganske god avling i Sogn og Fjordane medan det er dårleg avling i Hardanger og Ryfylke. Mogninga er sein og ujamn. Morellhaustinga nærmar seg nå slutten, medan ein er i oppstartfasen for plomme og eple. På grunn av kaldt ver under og etter bløminga er mogninga ujamn og hausteperioden blir lang.

Tabell 1. Samla fruktkvantum for åra 2006 – 2014(tal i tonn)

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prog 2015
Eple(*)	9882	6363	9988	7203	7585	5 254	5 910	6 754	7 740	5 825
Pære	366	292	381	427	220	191	170	120	250	122
Plomme	942	980	943	1053	1039	922	818	1 290	1 143	1 110
Moreller	583	328	402	503	329	359	405	488	583	376
Sum	11 773	7 963	11 714	9 186	9 173	6 726	7 303	8 652	9 716	7 433

(*) Klasse 1 inkludert fabrikklevering.

Morellavlinga 2015.

Kvantomsmessig ligg det an til ei avling omtrent som i 2011. Det spesielle er at størstedelen av avlinga dette året kom på marknaden i august månad. Det låge kvantumet har gjort at det har vore stor underdekning i markedet.

OVERSYN FOR ÅRA 2007/2014 – MORELLER(tonn)

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prognose 1. juli 2015	Prognose 1. august 2015	Prog. 1. sept. 2015
Moreller Norge	398	476	295	354	405	488	583	485	465	376
Moreller eksport	4	27	34	5						
Sum Moreller	402	503	329	359	405	488	583	485	465	376

Ukenummer:					
Moreller	Mottatt til og med aug	36	37	38	Sum
Sum moreller	348	23	4	1	376

Plommeprognose pr. 1. september 2015

Plommeprognozen viser at me kan rekne med ca 1 100 tonn plomme. Det er lågare enn dei 2 føregåande åra. Plommearealet har stadig auka dei siste åra, og med normale avlingar skulle avlinga også auke i takt med arealet. Ved utgangen av august er det levert vel 100 tonn plomme og det viser at mogninga går seint. Dersom veret held seg brukbart utover i september, vil tida kring midten av september, dvs uke nr. 37, 38 og 39 bli størst kvantums messig. Opal, Reeves og Jubileum ser ut til å bli størst på kvantum medan det er stor svikt i Mallard. Mellom anna har soppsjukdommen plommepung redusert avlinga ein god del fleire stader.

OVERSYN FOR ÅRA 2008/2015 - PLOMMER

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prog. 1.juli 2015	Prog.1. aug 2015	Prog. 1. sept. 2015
Edda	47	61	79	49	32	37	19	32	29	12
Opal	274	296	227	181	211	221	219	259	269	252
Mallard	218	187	210	228	155	254	173	181	137	132
Reeves	45	100	115	59	148	144	265	275	273	258
Avalon		10	37	61	29	51	43	97	85	79
Exalibur	24	23	62	117	78	116	98	53	52	48
Victoria	233	214	152	43	27	136	71	106	116	108
Jubileum	94	149	154	162	75	213	133	185	143	159
Valor									43	43
Uspes.	8	11	5	23	64	118	94	63	13	20
SUM	943	1053	1039	922	818	1290	1 143	1 251	1 160	1 110

Tabellen viser prognose for plomme i 2015 i tonn pr. sort og veke:

Plomme	Mottatt til og med aug	36	37	38	39	40	41	42	Sum
Edda	5	7	0	0	0	0	0	0	12
Opal	101	56	64	31	0	0	0	0	252
Mallard	0	17	39	45	19	10	2	0	132
Reeves	0	7	18	45	121	50	17	0	258
Avalon	0	20	13	28	7	11	0	0	79
Excalibur	0	3	11	20	6	4	4	0	48
Victoria	0	0	25	44	24	10	5	0	108
Jubileum	0	15	32	54	24	5	22	7	159
Valor	0	0	2	12	14	7	5	3	43
And. sortar	1	11	6	2	0	0	0	0	20
Sum plom	106	136	210	281	215	97	55	10	1 110

Pæreprognose 2015(Tonn pr år og sort).

	2009		2010		2011	2012	2013	2014	Prognose 1. aug 2015	Prognose 1.sept. 2015
	Fab- rikk	Kon- sum	Fab- rikk	Kon- sum	Konsum	Konsum	Konsum	Konsum		
Clara Frijs		41	3	30	26	39	35	54	37	37
Moltke	70	66	4	51	40	21	16	23	12	13
Philip	87	61	6	53	34	13	6	13	7	7
Ingeborg		68	1	65	83	86	60	144	59	59
Herzogin Elsa		19		5	6	7	3	14	5	5
Andre sortar	4	10		1	1	3	0	3	1	1
Sum	161	266	14	206	191	170	120	250	121	122

Pærevlinga er sterkt redusert og omtrent halvert sidan ifjor. Prognosen viser ei avling omtrent som 2013.

Epleprognose 2015.

Eplekvantumet har nå blitt redusert til under 6 000 tonn og berre i år 2011 som var eit historisk dårleg år, er det registrert lågare avling.

Tidlegavlinga har blitt ein del redusert pga av kraftig nedbør og nedfall straks før hausting. Avlinga er svært variabel og ujamn. På Austlandet i det heile ei middels god avling, medan avlinga i Hardanger er dårleg. Såkalla marknadsdekning vil ein først få når sorten Summerred kjem på marknaden, og det vil venteleg ikkje skje før i slutten av september.

Kvantum eple i tonn pr. år:

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prog. 1. juli 2015	Prog. 1.aug 2015	Prog. 1. sept. 2015
Geneva Early	150	43	75	38	42	90	88	90	80	26
Vista Bella	108	142	125	103	127	97	124	87	37	82
Julyred	356	187	309	277	202	312	312	288	279	138
Caroll	100	75	71	80	67	70	54	48	47	49
Andre tidl.sortar	83	75	81	45	31	39	33	26	20	12
R.Prins/Kronprins	325	345	219	173	162	131	160	117	112	109
Discovery	754	703	806	449	757	709	1 228	834	770	720
Katja	31	28	46	38	21	43	52	41	40	40
Sunrise	3	5	10	13	40	44	87	66	56	56
Summerred	1 674	1 428	1 160	1 019	1 412	1 234	1 590	1350	1 328	1 250
Gravenstein	262	73	173	4	0	7	2	4	5	5
Gravenstein, R.	1 410	1 397	885	677	548	809	699	600	567	584
Åkerø	383	263	317	169	217	172	194	179	162	144
Delcorf	3	7	11	20	38	20	12	30	20	15
Aroma	2 487	1 115	1 650	1 020	941	1 291	1 108	995	864	854
Aroma, Raud	1 307	973	1 319	921	977	1 451	1 592	1307	1 408	1 426
Lobo	226	134	113	89	65	85	73	67	67	67
I.Marie/K.Schn.	215	121	121	54	92	67	122	69	65	65
Elstar	50	34	38	18	44	23	85	43	45	30
Rubinstep	0	0	0	0	0	10	84	105	108	136
Uspesifiserte sortar	63	54	56	48	127	50	42	19	18	17
SUM EPLE, kl 1	9 988	7 202	7 585	5 254	5 910	6 753	7 740	6365	6 097	5 825
Levert konsum	9 111	6 851	7 028	5 254	5 881	6 595	7 580			

Økofrukt.

Det er henta inn oppgåver frå pakkeri og omsetningsledd over prognose for økofrukt pr 1. august. Det gjeld eple og plomme.

Den neste tabellane viser prognosert kvantumet samanlikna med kvantumet dei siste åra.

Oversikt over økofrukt frå pakkeri og omsetningsledd:								
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Prog. 2015
Plomme	7	5	13	15	11	12	31	11
Eple	21	23	43	44	67	108	118	63

Også for økofrukt viser prognosen redusert avling både for plomme og eple i høve til dei siste åra. I tillegg til sviktande avling er det kanskje også ei underrapportering som er grunn til dei låge tala.

Prognose for økofrukt pr 1. august 2015(tal i tonn).							
Prognose øko plomme pr uke						Eple pr sort	
Plomme	35	36	37	38	Sum	Aroma	9
Opal	1	5	0	0	6	R. Aroma	40
Reeves	0	0	1	2	3	Andre sortar	3
Victoria	0	0	1	1	2	Sum	63
Sum plomme	1	5	2	3	11		

Stavanger 1. september 2015

Bjørn Eidhammer